

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

18. søndag i treeiningstida – 9. oktober 2022

Preiketekst: Mark 1, 40-45
Lesetekst I: Salme 38, 10-16
Lesetekst II: 1 Joh 4, 11-16

Denne tekstgjennomgangen vart publisert første gong i 2019.

Teikn og tyding

Dagens tema:

Tekstene frå GT og evangeliet denne søndagen ser ut til å handle om menneske som blir haldne utanfor det gode selskap fordi dei møter avvising og forakt. Samtidig vil både Jesu under med den spedalske og formaninga i Johannes sitt brev fortelje ei anna historie: at dei vi foraktar eller fryktar også skal høyre til. Dei skal omfattast av det kristne fellesskapets kjærleik på same måten som Jesus viste miskunn.

Sjukdom og stigma

Vi er i Jesu tidlege virke. Forteljinga om Jesu reinsing av den spedalske finn vi også hos Matteus og Lukas, men hos Markus i den mest fyldige forma. Eg vil seie litt spesifikt om det å kallast «lepros». Dette ordet dekte ein breidde av hudsjukdommar, ikkje berre det vi i dag knyter til Armauer Hansens oppdaging av leprabasillen. Slike hudsjukdommar førde til til sosialt stigma i mange av samtida sine kulturar, ikkje berre i jødedommen.

I den jødiske tradisjonen stod desse hudsjukdommane i ei særstilling med tanke på religiøs status. Dei som var råka, vart openbert rekna som ureine, men det var noko som kunne skje alle menneske frå tid til tid - enten det var menstruasjon, fysisk kontakt med døde kroppar, kontakt med heidningar, inntak av feil type mat eller anna som nokon kvar kunne oppleve. Der var reinsingsritual for slikt, slik at dei som det gjaldt, kunne takast inn igjen i gudstenestefellesskapet.

Sjukdom som straff?

Å vere spedalsk hadde noko ekstra ved seg. Dei blei gjerne rekna som levande døde, fordi dei var varig utstøytt, i vesentleg grad utan sjanse til å bli frisk. I GT ser vi fleire høve der sjukdommen råka utvalde menneske (Miriam, Joabs slekt, Elisja sin tenar og kong Ussia) som straff for synd. Det ser ut til at dette var ein utbreidd tanke, noko som også kan vere spegla av at det var strenge ritual knytt til å vise seg for prestane, dersom ein meinte seg reinsa frå sjukdommen. På grunn av sjukdommens karakter var det berre prestane, dei som stod for offertenesta, kunne erklære spedalske for reine.

Vi ser altså at denne lagnaden var knytt til fryktelege stigma og sosial utstøyting. Dei sjuke, som måtte halde seg vekke frå dei friske sine buområde, var forplikta til å rope «urein!» dersom andre menneske nærma seg der dei var.

Skapande imperativ

Det gjer dagens tekst så påfallande, fordi ein spedalsk aktivt oppsøker Jesus og fell ned for føtene hans med bøn om reinsing. Slikt krev trua sitt store mot og trass! Samtidig vitnar det om at Jesus

allereie tidleg i sitt virke blei forstått som noko heilt anna enn dei før hadde møtt. Det er lite tvil om at evangelisten her vil seie at Jesus stod fram med ein messiansk autoritet. Det kjem også fram av Jesu reaksjon. Markus brukar dette sterke ordet om Jesus som vi finn berre i dei synoptiske evangelia: at han «fekk inderleg medkjensle». Det greske ordet inneber ei sterk medfølande kraft. Han demonstrerer også si makt over dødens sjukdom ved å legge hendene sine på den ureine. Likevel blei han ikkje urein sjølv, fordi han tok bort det ureine. Så seier han berre nokre enkle, men kraftige imperative ord som ein prest eller profet knappast kunne bruke, fordi dei tilhøyrer Guds autoritet: «Eg vi, bli rein!» Dei står fram som skaparord og ord til frelse frå ein som både har vilje og makt. I møte med spedalske står det aldri at Jesus lækte dei, berre at han reinsa dei. Slik gav han dei nytt liv.

Derfor er kontrasten så sterk når Markus rett etterpå seier at Jesus tala «strengt» til mannen og sendte han bort, ordrett så å seie kasta han eller dreiv han bort. Dette må lesast saman med dei følgjande orda om å halde seg tilbake frå å snakke om det som hadde skjedd. Jesus visste at dette underet peika mot han sjølv som Messias, og det er truleg ryktet om dette han vil unngå, fordi så mange hadde heilt feil forestilling om kven og kva Messias skulle vere.

Dei som burde sjå

Nokon skulle mannen likevel skunde seg å snakke med: prestane. På den eine sida ser vi då at Jesus som jøde respekterte og følgde dei jødiske rutinane og ordningane. Dette er likevel ikkje alt, for han sluttar med eit håp om at dette kunne vere til eit vitnemål for dei, nemleg om Jesus sjølv. Dei, av alle, burde vere i stand til å tyde teikna og forstå kven Jesus var.

Naturlegvis kunne ikkje eit slikt under haldast skjult. Guds radikale inngrep i prøvde og bundne menneske sine liv kan sjeldan det. Mannen sjølv tala som det radikale han hadde erfart, og folk må ha snakka, for dei strøymde til Jesus, sjølv om han for ei tid måtte halde seg ute i periferien. Allereie i neste vers, Markus 2, 1, er han likevel tilbake i Kapernaum.

Om preika:

Sentrum i teksta bør vel også fungere som sentrum i forkynninga, den inderleg medfølande Jesus sine to imperativar, «Eg vil, bli frisk!» Vi treng alle miskunn. Vi treng alle reinsing. I tillegg opnar lesetekstane opp for fellesskapsdimensjonen. Fellesskapet av Jesu venner skal nettopp vere dette kjærleikens fellesskap, ikkje minst for dei utstøytte. Eg meiner forkynninga denne søndagen må ta seg bryet med å gi den utfordringa med litt kraft.

Sidan tankane på bibelsk tid om alvorlege hudsjukdommar ikkje er veldig kjent for dei fleste i forsamlinga, bør det vel også forklarast litt rundt dette. I den samanhengen er det naturleg å forkynne Jesus om den som reinsar frå synd. Då må det klargjerast at der ikkje er noko samheng mellom lepra og synd, men at der er ei underliggende mening i dette. Liksom ein tenkte at dette var sjukdom til døden og det krev reinsing, er det med synda. Den er reelt sett dødens merke på kvar og ein av oss. Vi treng alle å kome til han som er reisninga si kjelde, Jesus som gav sitt blod til soning for syndene våre.

Ei preike kunne då vere disponert slik:

- Innleiing om den frykta sjukdommen
- Jesu vilje og makt til å reinse
- Vårt behov for å reinsast og frelsast frå synda
- Kyrkja må vere ein kjærleikens arena for alle

Rolf Kjøde

Høgskolelektor NLA Høgskolen Bergen

Rolf.Kjode@NLA.no